

Reguleringsmyndigheten for energi
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo



Dykkar ref.:
Vår ref.: 1529994-1

19.05.2020

Høyrings svar «Endringer i nettleigestruktur»

Vi viser til RMEs høyringsdokument Nr 1-2020 om "Endringer i nettleiestrukturen" med høyringsfrist 25.mai 2020.

SFE Nett AS vil i hovudsak stille oss bak høyrings svaret til vår bransjeorganisasjon EnergiNorge.

Generelt ser vi tariffstruktur bør:

- Vere forståeleg for kundane, særleg hushaldningskundane
- Gje stor grad av følt «rettferdighet» i fordeling av samla nettkostnad
- Gje incentiv til endring av åtferd for å redusere samla systembelastning og over tid gje lågare samla nettkostnad.

Kundane ønskjer så låg nettkostnad som mogleg, med så lite tap av nytte eller velferd som mogleg. For kundane vil flytting av forbruk frå det tidspunkt dei «eigentleg» vil bruke kraft til eit anna tidspunkt ofte gje redusert nytte. Eksempelvis vil flytting av lading av elbil frå kl. 16.00 til kl. 22.00 potensielt bety at bilen ikkje er tilgjengeleg for bruk i ein større del av tida enn den elles ville vore. Størst nytte får bileigar ved å lade bilen så tidleg som mogleg slik at tilgjengeleg rekkevidde til ei kvar tid er så høg som mogleg. Grad av tap av nytte vil sjølvsagt variere frå kunde til kunde.

Det må vere ei balansert vurdering av den marginale og usikre innsparing av nettinvestering som sterke incentiv til flytting av forbruk vil gje, og den tapte nytten forbrukskundane vil få av denne flyttinga.

Det ligg i sakens natur at endring av nettleigestruktur vil gje auka nettleige for enkelte kundar, og redusert nettleige for andre kundar. I ein overgangsfase vil endringar føre til støy og misnøye frå dei kundegrupper som får auka kostnad, og god informasjon vil berre til ein viss grad redusere dette.

Særleg for kundar med kort brukstid vil det vere stort avvik mellom kva kunden føler er rettferdig pris for nettleige, og kva nettselskapet ut frå kostnadsstruktur i nettet vil meine er rettferdig fordeling mellom kundar og kundegrupper. Kunden vil meine han nesten ikkje nyttar nettet og difor ikkje skal betale noko, mens nettselskapet vil meine at rettvis fordeling av kostnad er basert på kva effekt nettet til kunden må vere dimensjonert for, og i liten grad kor ofte kunden vel å nytte denne effekten.

NVE har foreslege å gå frå månadmaks til døgnmaks som grunnlag for effektavrekning. Dette vil fjerne noko støy i innføring av effekt-tariffing (ved at avrekninga nærmar seg dagens energiavrekning), slik at særleg fritidseigedom får lågare tariffkostnad enn dei ville fått med månadmaks. Samtidig går innføring av døgnmaks i feil retning om målet er rettvis fordeling av nettkostnadane. Kundane med høg brukstid vil, som med dagens energitariffing, subsidiere kundane med kort brukstid. I t.d. «hytteområda» vil resultatet bli at hushaldningskundane i stor grad subsidierer hyttekundane i området, om ikkje andre element i tariffen blir justert.

Særleg for store næringskundar meiner vi det vil vere uheldig å gå frå månadmaks og ned til døgnmaks. I den grad det er omsyn til ladestasjonar og liknande som ligg bak denne endringa bør slike spesialtilfelle få si løysing på ein måte som ikkje endrar fordelinga for heile nettporteføljen til ei mindre kostnadsrett fordeling. Truleg bør det ikkje innførast kortare avrekningsperiode enn veke, dvs. veker-maks som avrekningsparameter.

NVE har lagt opp til ein lang overgangsordning for innføring av nye tariffingsprinsipp. Etter vår meining kan denne overgangsperioden gjerne vere kortare.

Venleg helsing
SFE Nett AS

.....

Asgeir Aase, Nettdirektør

.....Dokumentet er elektronisk godkjent og vert oversendt utan signatur.....